



AUSTRHEIM KOMMUNE

SAMFUNNSDEL Kommuneplan 2015 - 2027



Austrheim
- opne landskap, ope sinn



INNHALD:

Ordføraren har ordet	4
Ramme for planlegginga	5
Hovudverdi for Austrheim	6
Visjon	7
Forventningar fram mot 2027	8
Økonomiske rammer	9
Samfunnsutvikling	10
Oppvekst og arbeid	14
Helse og omsorg	16
Folkehelse	18
Landskap, miljø og samfunnstryggleik	19
Kommunal organisering og tenesteyting	21
Hovudsatsingsområde	23
Kommuneplan - arealdel	25
Nasjonale og regionale føringar	26





Ordføraren har ordet

Politikarane i Austrheim ønskjer at kommunen skal vera ein attraktiv stad å bu, arbeida og besøkja. Me ønskjer å leggja til rette for at både innbyggjarane og næringsdrivande skal oppleva kommunen som ein ja-kommune. Gjennom satsinga vår «Austrheim heile livet», ønskjer me å visa at det skal vera godt å bu i Austrheim frå vogge til grav, og at me ønskjer å tilby eit godt kommunalt tenestetilbod som treff alle aldersgrupper.

I dag bur det folk frå meir enn 40 nasjonar i Austrheim, og dette gjer kommunen til ein internasjonal smeltedigel. Me ønskjer at Austrheim skal stå fram som ein raus og inkluderande kommune, der alle finn seg godt til rette. Kommunevåpenet vårt er inspirert av bruene som fysisk bind kommunen saman, i overført tyding er tanken at me skal vera eit samfunn som byggjer bruer mellom ulike folk, kulturar og generasjonar. Det at ein byggjer bruer fører til at folk møtes, og der folk møtes oppstår det verdiskaping. Møter me det store, kulturelle mangfaldet med opne sinn, vil dette gjera oss og samfunnet vårt rikare og betre rusta til å takla ei verd som vert meir og meir prega av globalisering.

Bergensregionen vil veksa med om lag 160 000 innbyggjarar fram mot 2040. Me vil, saman med våre gode grannekommunar i Nordhordland, leggja til rette for at ein del av desse nye innbyggjarane skal slå seg ned i vår region, slik at me blir i stand til å utvikla ein betre infrastruktur og eit betre tenestetilbod i regionen, til beste for innbyggjarane våre.

Austrheim er ein kystkommune med lange maritime tradisjonar. Desse ønskjer me å ta vare på og vidareutvikla og dette perspektivet har vore ei viktig rettesnor i arbeidet med kommuneplanen. Samfunnet vårt har gjennom dei siste 60 åra utvikla seg frå eit typisk fiskarbondesamfunn til eit moderne industrisamfunn sterkt prega av petroleumsnæringa. Dei neste ti åra vil fleire store prosjekt bli gjennomført i Nordhordland, og desse vil føra til ei omfattande modernisering av samfunnet. Gjennom denne kommuneplanen ønskjer me å leggja eit godt grunnlag for å kunna ta ut alle positive synergjar frå dei prosjekta som vert gjennomført i våre nærområde og leggja til rette for vidare vekst og utvikling i kommunen, parallelt med at me tek vare på våre gode tradisjonar og kulturarv.

Beste helsing
Per Lerøy
Ordførar
Austrheim kommune





Ramme for planlegginga

Regjeringa har lagt føringar for regional og kommunal planlegging i dokumentet "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging", vedteke 24. Juni 2011. Hovudtema i denne er Klima og energi, Samferdsel og infrastruktur, Verdiskaping og næringsutvikling, Natur, kulturmiljø og landskap, Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Forventningane skal leggjast til grunn i arbeidet med lokale planprosessar, og medverka til at lokal planlegging tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga. Samstundes skal dei medverke til at planlegginga blir meir målretta og ikkje meir omfattande enn naudsynt. Det er første gong eit slikt forventningsdokument inngår som formell del av plansystemet. Kwart fjerde år skal det no utarbeidast eit dokument med nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging. (Pbl § 6-1)

Kommunelova (Kl) og Plan- og bygningslova (Pbl) gjev lovheimelen for den kommunale planlegginga. Her er ei hierarkisk oversikt over elementa i plan og styringssystem for kommunen:

Kommunal planstrategi

Skal utformast minst ein gong kvar valperiode
Skal avdekke utviklingstrekk, utfordringar og planbehov
Tek stilling til eventuell rullering eller revisjon av gjeldande kommuneplan
Pbl § 10.1

Kommuneplan

Samfunnsdel og Arealdel
Har vanlegvis i eit 12 - års perspektiv med vurdering kvart 4. år
Pbl §§ 11.1, 11.2, 11.5 og Kl § 5

Kommunedelplanar, fag- og temaplanar

Pbl § 11.1

Økonomiplan, med kommuneplanens handlingsdel

4 årig perspektiv med årleg rullering
Kl § 44 og Pbl § 11.1 og 11.3

Årsbudsjett

1 årig
Kl § 45

Årsoppgjer, med årsrapport og rekneskap

Kl § 48

I tillegg til det overordna rammeverket kjem ei rekkje nasjonale føringar og retningslinjer.

På fylkesnivå er det og mange regionale planar og føringar som gjev rammer for kommunal planlegging.

På side 25 finnast ei opplisting av viktige nasjonale og regionale planar, retningslinjer og føringar.



Hovudverdi for Austrheim

Austrheim kommune skal vera tydeleg, ansvarleg og raus.

Andre viktige tema:

Austrheim heile livet

I Austrheim skal det vera godt for alle å bu, arbeide og ha fritid, heile livet.

Kystkultur

Austrheim har ei tydeleg maritim tilknytning og satsing på havsport er ein naturleg vidareføring av denne. Den maritime tilknytninga og verdien av den er og lagt inn i utbygginga av private og offentlege bygg. Austrheim sine 489 øyar, holmar og skjær er eitt av dei største utfartsområda for båt i fylket.

Turstiar/ Folkehelse/ Fysisk aktivitet

Det opne flate kystlandskapet er ein viktig varig verdi for Austrheim. Folkehelsa vert prioritert gjennom å leggje tilrette for bruken av dette, mellom anna ved å etablere turstiar.

Lygheiane/Kulturlandskap/Kulturminne

Lygheilandskapet i Austrheim og Nordhordland er internasjonalt kjend. «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen» og meir enn 30 steinalderbuplassar finn du i Austrheim, og nokre av dei er mellom dei eldste i landet.

Vardetangen 4 grader 56 min. 43,182 sek. austleg lengde, 60 grader 48 min. 36,614 sek. nordleg breidde.

Austrheim kommune har det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg.



Foto: Barnebesøk på Vardetangen

Visjon



Visjon for utvikling og vekst

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim samfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er :

Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er :

Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.

Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.

Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.



Foto: Mongstad - Havsport - Austrheim kommune



Forventningar fram mot 2027

Samferdselsløysingane vert betre og det vert utvikla gode knutepunkt med overgangar frå privat til offentleg transport. Fokuset vert endå sterkare på utbygging av trygg infrastruktur. Spesielt vert det ei auka satsing på klimavenleg transport og satsing på gang og sykkelveggar. Denne satsinga vert eit viktig bidrag til betring av folkehelsa.

Verdien av å bu og besøkje Austrheim vert auka gjennom at fleire nyttar naturverdiane våre, og gjennom utvikling av bubilpassar, campingområde og hotell. Det vert auka fokus på reiseliv og havsport som næringsveggar. Vardetangen vert eit viktig reisemål både lokalt og nasjonalt, samt eit utgangspunkt eller mål for «reiser Norge på tvers».

Mongstadorrådet vert utvikla vidare for å få maksimal utnytting av hamne- og industriområdet. Store prosjekt innan oljenæringa gjev rom for auka næringsutvikling og det vert tilrettelagt næringsområde i nærleiken.

Austrheim kommunesentrum vert ein tydeleg tettstad og eit regionalt knutepunkt i nordre del av Nordhordland og tilgrensande regionar i nærleiken av Fensfjorden. Det vert eit lokalsenter i Fønnes - Kaland området. Det vert meir fokus på sentrumsnær bustadbygging og næring/handel i sentrum. Det vert auka fokus på å skapa liv i sentrum gjennom etablering av arenaer for , kultur, trening, bading, kunst og uteopphald.

Det vert gjennomført tiltak for å få til butilbod for alle, med varierende bustader som er tilpassa funksjonsnivå, utleige og med gode finansieringsordningar. Det vert tilgang på attraktive bustadområde i nærleiken av, eller med god tilgang til sjø.

Austrheim Vidaregåande skule vert rusta opp og får stadfesta si stilling som den viktigaste lærestaden i nordre del av Nordhordlandsregionen og søre del av Sogn og Fjordane.

Kommunen sitt tenestetilbod vert framleis høgt prioritert.

Det vert moderne barnehagar med full dekning.

Det vert etablert ny skulestruktur med skuleanlegg for best mogeleg og moderne læremiljø.

Kommunen vil ha sterkt fokus på beredskap og tryggleik i samarbeid med dei andre kommunane i regionen.

Kommunen skal vedlikehalda kommunale bygg og eigedomar innanfor prioriterte rammer.

Kommunen vil vera pådrivar for fibernettutbygging og av vatn/avlauksnett utbygging.

Tenestetilbodet for dei eldre vert godt utbygd og moderne.

Tenestetilbodet for dei utviklingshemma vert styrka.

Kulturhistoria og kulturminna i kommunen vert ivareteke og formidla til nye generasjonar.

Tradisjonelt fiskeri, landbruk og primærnæringane vert utvikla og vidareført.

Det vert auka merksemd på arealbruk, beitebruk, landbruk og lyngbrenning når det gjeld attgroing.



Foto: Camilla Pedersen

Økonomiske rammer

Summen av driftsinntekter har auka frå om lag 190 millionar kroner i 2009 til om lag 235 millionar kroner i 2013. Auken i inntekter utgjør siste år 4% (2012-2013).

Driftsutgiftene har i same perioden auka jamt. Frå 179 millionar kroner i 2009 til om lag 232 millionar i 2013. Auken i utgifter siste år utgjør 3,6%.

Netto driftsresultat for 2013 var på 2,3 %.

Den totale ramma for drift 2014 vert om lag 162,5 millionar kroner.

Den totale ramma for investeringar 2014 vert om lag 14 millionar kroner.

Det er særleg tilbodet til dei eldre gjennom heimetenester, omsorgsbustader som gjev ekstra utfordringar framover. Kommunen vil halde fram med det gode arbeidet innan oppvekstsektoren.

Me vil at:

Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.

Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter.

Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.

Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.

Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.

Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

Halde budsjetttrammene frå 2015 -17 på omlag på same nivå som for 2014.

Ta høgde for mogeleg renteauke framover.


Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen, og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.



Foto: Bru, Sykkel, kultur - Austrheim kommune



Samfunnsutvikling



Tid	1990	1995	2000	2005	2010	2011	2012	2013	2014
Geografi									
Austrheim	2,684	2,567	2,527	2,527	2,738	2,789	2,776	2,833	2,833

Befolkningsvekst

Folketalet i Austrheim kommune har hatt ei positiv utvikling sidan 2006. I perioden 1998-2006 låg folketalet relativt stabilt rundt 2.500-2.550 innbyggjarar, medan folketalet ved inngangen til andre kvartal 2013 var på heile 2.804 personar. Dette er ein auke i innbyggjartal på 270 personar, eller 11 prosent i perioden 1998-2013.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2031
Framskrive innbyggjartal	2,833	2,844	2,877	2,915	2,944	2,985	3,020	3,227	3,436	3,485

Delen eldre over 67 veks, og mykje av folkeauken kjem med tilflytting og innvandring.

Innvandringa var i 2013 på 337 personar. Prognose for fødselsoverskot ligg på omlag 10 personar per år.

Me vil at:

- Befolkningsveksten vert omlag slik som framskive innbyggjartal (SSB) .
- Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggjarane.
- Det vert lagt til rette for bustadbygging, og klyngetun i grendene.
- Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF område vert forenkla.
- Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

Dette vil me få til gjennom å:

- Realisera tiltaka i Bustadsosial handlingsplan.
- Nytta eksisterande ubyggt regulert bustadareal.
- Opne for mindre tiltak utan dispensasjon for eksisterande bustader i LNF område. (KPL arealdel).
- Fremja fortetting i eksisterande byggjemiljø i arealplanar.
- Ha god dialog med grunneigarar, utbyggjarar om mogelege utviklingsområde.
- Kartleggje funksjonell strandsona , lokale verdfulle friluftsområde og eigna stader for tilgang til sjø.
- Etablere byggjegrænse mot sjø i kommuneplanens arealdel.

Tettstadutvikling

Tal innbyggjarar i tettstader

1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2011	2012
405	407	404	637	930	971	953	953	967	972	969	1,025	1,029

Austrheim kommune har to tettstader, Austrheim kommunesenter og lokalsenter Fønnes-Kaland.

Austrheim kommunesenter er regionalt knutepunkt for nordre del av Nordhordland og regionar i nærleiken av Fensfjorden.

På begge stadene finst kjøpesenter, Mastrevik Torg og Fønnes Senter

I nærleiken av/i tilknytning til desse sentra finn ein Austrheim med nærbutikk, kyrkje og Mongstadkrysset med matvarebutikk.

Det er ei jamn auke i tal innbyggjarar som vil bu sentralt. Bustadsosial handlingsplan peikar på at det er etterspurnad på sentrale bustader med kort avstand til ulike tenester.

Me vil at:

Austrheim kommunesentrum skal verte ein attraktiv og pulserande tettstad med urbane kvalitetar.

Austrheim kommunesentrum skal verte tydeleg kommunesenter og regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Fønnes lokalsenter vert knutepunkt i utbygginga frå Nordre Fønnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås.

At ein får til ei styrt utvikling av dei to knutepunkta i kommunen med fokus på levande sentrum.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.

Vidareføra arbeidet med sentrumsutvikling i "Austrheim heile Livet".

Kople arbeidet med områderegulering av Nordre Fønnesvåg til utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.

Følgje målsettingane i gjeldande planstrategi.

Kultur

Frivillig innsats frå lag- og organisasjonar er avgjerande for at Austrheim skal vere ein god og triveleg kommune å bu i.

Dei frivillige laga og organisasjonane er berebelken i kulturlivet i kommunen, og me har eit rikt og variert kulturliv. Kommunen har eit breidt engasjement for å støtte opp under kulturen og kulturarbeidet. Sju kunstnarar held i dag hus i Austrheim kommune sitt gamle kommunehus – Kunsthuset Austrheim. Ein har den kulturelle skulesekken (DKS) og den kulturelle spaserstokken (DKSS).

Kommunen har eigen ungdomsklubb og tiltak for barn- og ungdom. Ein legg til rette for naturforvaltning, friluftsliv og aktivt kulturminnevern mellom anna gjennom samlingar. Det er kulturtilbod som Kino, Galleri Trappa, sceneframføringar og bibliotek.

Kommunen bidreg til kultur dagar (anna kvart år), Kystsogevokene, Havsportsveka og gjev støtte til kulturlivet gjennom investeringar i vaksenopplæring, idrettsbygg/anlegg, kulturbygg/forsamlingshus, ålmenne kulturføremål (kulturmidlar).

Me vil at:

Kommunen opprettheld og styrkjer sitt kulturtilbod gjennom kulturaktivitetar og kunst- og kulturproduksjon.

Kommunen fremjar kystkulturen og skaper attraksjonar gjennom å leggje tilrette for bruk, vern og vedlikehald av kulturlandskapet og kulturminne, som til dømes Hoplandskvernene, torvhus, steingardar, og prestebryggje.

Det vert lagt tilrette for og styrkjer det frivillige kulturlivet i kommunen.

Ein støtter festivalar som Havsportveka, Fønnesdagane, Landbruksdagen og vidareutviklinga av denne typen kulturaktivitetar.

Alle innbyggjarane skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktiv i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.

Dette vil me få til gjennom å:

Følgje opp tiltak og handlingsprogram i «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020».

Vidareføra kultur delen av "Austrheim heile livet" og støtta lokale kulturarrangement.

Utarbeida eigen kulturminneplan.

Utvikle eit kulturskulesenter og vidareutvikle "Ungdommens hus".


Etablera samlingar for oppbevaring og bevaring av kulturminne.

Gjera lause og faste kulturminne tilgjengelege for alle.



Næring

Næringsstrukturen i kommunen er dominert av industri og anna verksemd knytt til aktiviteten på Mongstad – og industrien er den næringssektoren som i tal har flest sysselsette i perioden 2008-2012. Helse og sosialsektoren er og dominerande. Under viser fordelinga på ulike næringar i år 2012:



Me vil at:

Austrheim skal vere ein positiv kommune som gjev utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.

Austrheim kommune skal vere ein nasjonal kjend og attraktiv turistdestinasjon som «hav- og kystkommune».

Talet på gjestedøgn og dagsbesøkjande skal auke.

Talet på bedrifter med fokus på havsport og reiseliv skal auke.

Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.

Ein legg tilrette for ei positiv utvikling av landbruk og fiskerinæring.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar).

Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025".

Profilera havsportsaktivitetar, kultur og aktivitetstilbod, gjennom eit synleg og godt vertskap i kommunen.

Sikra gode utdanningstilbod i kommunen og arbeide for eit auka tal lokale lærlingplassar.

Sikra areal til vidare næringsutvikling for alle næringar.

Implementera landbruksplanen i kommunal planlegging.



Foto: Austrheim kommune

Samferdsle og Infrastruktur

Det er registrert omlag 50 km kommunal veg og 42 km fylkesveg i kommunen (Stabilt i perioden 2010-12).

Det er lite gang og sykkelveg i høve til målsettinga. Det er laga ny vegløyning i Austrheim kommunesenter.

Austrheim er eit trafikalt knutepunkt i Nordhordlandsregionen, både når det gjeld båttrafikk og kollektivtransport på land (i hovudsak buss). Kommunen har gode kollektivtilbod både til og frå Bergen, via Lindås og Radøy. Frå hurtigbåtkaien på Vardetangen går det båt sørover til Bergen og nordover til Nordfjord og Sogn. Det går skuleskyssrute med båt som trafikkerer Fensfjordbassenget.

Det er ferjesamband mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Gulen kommune.

Me vil at:

Vegnettet vert trygt og effektivt for mjuke trafikantar.

Prosentdelen gåande og syklande aukar.

Kollektivdelen aukar i høve til regionale mål.

Det vert tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.

Det er god dekning for mobiltelefon alle stader der det bur folk, langs med vegnettet og til sentrale utfartsstader i kommunen.

Dette vil me få til gjennom å:

Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen og alternativ sykkeltrase via Solend.

Gjennomføra detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen og vidare til Lindås kommunegrense.

Arbeide for etablering av lokal bussrute "bussrute for eldre" og pendlingsruter til og frå Knarvik og Åsane.

Leggja til rette for kameratkøyring gjennom bygging av anlegg for «Park and ride».

Vera pådrivar for utbygging av fibernett og mobilnett.

Koordinera arealplanlegging med hovudplan for vass og avlaup og landbruksplan.

Gjennomføra tiltaka i trafikksikringsplanen.

Oppretthalde båttrutenettet til og frå kommunen.



Foto: Vardetangen hurtigbåt - Austrheim kommune



Oppvekst og arbeid



Kvalifisering og utdanning

Utdanningsnivået i Austrheim kommune ligg noko lågare enn landsgjennomsnittet og gjennomsnittet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Medan 8 % av befolkninga i landet og i Hordaland har utdanning på høgare universitetsnivå, har Austrheim berre 3%. For kortare universitetsutdanning er prosentdelen på landsnivå 22%, i Hordaland 23%, og i Austrheim 15 %. Profilen på utdanningsnivået i kommunen er mest sannsynleg eit uttrykk for at det er tilpassa det behovet som næringslivet har per i dag. Om ein ser på kva næringsutvikling som er ynskjeleg for framtida, er det likevel grunn til å sjå nærare på korleis ein kan få eit høgare gjennomsnittleg utdanningsnivå i kommunen.

Me vil at:

Austrheim vert blant dei beste kommunane i landet på å utdanna nye fagarbeidarar.

Kommunen bidreg til at born/familiar får tidleg tilpassa hjelp i høve til lærevanskar som til dømes ADD/ADHD, dysleksi og utviklingshemming.

Læringsresultatet for kommunen ligg over landsgjennomsnittet.

Den vidaregåande skulen vert oppretthalden og samstundes bidreg gode resultat til å heva statusen til denne.

Innvandrarar oppnår same deltaking i utdanning og samfunnsliv som andre innbyggjarar i kommunen.

Det vert lagt tilrette for å etablera fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen.

Dette vil me få til gjennom å:

Bidra til auka kompetanse hjå dei som arbeider med born og unge, og fremja kompetanseheving generelt.

Tilretteleggje for læring som gjev den kompetanse samfunnet treng.

Styrkje samarbeidet mellom skule og heim.

Styrkje den vidaregåande skulen gjennom auka samarbeid.

Vurdera skulestrukturen og oppbygginga av denne.

Leggje tilrette for eit bredt spekter av aktivitetar for alle uansett funksjonsnivå, heile livet.

Vidareføra langsiktige tiltak i tråd med kommunen si utviklingsmelding av 2013. (Realfag-satsing, PALS, La Linea)

Ha eit høgt tal eigne lærlingar, både vanlege lærlingar og TAF-lærlingar.

Livskvalitet og deltaking

Austrheim kommune har rike tradisjonar med omsyn til frivillig kulturarbeid.

Både innan idrett, musikk og anna frivillig kultur- og ungdomsarbeid er mangfaldet stort.

Austrheim fekk i 2012 ny idrettspark, med kunstgrasbane, ballbinge og friidrettsanlegg.

Kommunen har idrettshall med eigne banar for handball, volleyball og basketball, rom for styrketrening, turn-utstyr, bordtennisutstyr, badminton-utstyr og møterom.

På Årås, ved grasbana til Austrheim IL, ligg Austrheim samfunnshus. Her er ein større sal med scene og plass til 300 personar, storkjøkken og kafélokale. På samfunnshuset er det også fleire mindre møtelokale som vert leigd ut. I huset finn ein også lokalitetar til fleire lag og organisasjonar.

Skjergarden er spesielt godt eigna for havsport, og vert nytta til dette føremålet under Havsportveka.

Tilhøva for publikum er likevel ikkje godt nok utvikla når det gjeld tilkomst, parkering, toalett m.m.

Me vil at:

Alle innbyggerane i Austrheim kommune skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktive i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.

Kommunen skal leva opp til visjonen «Austrheim heile livet» og legge til rette for eit allsidig miljø for aktivitet på arenaer som barnehage, skule, skulefritidsordning, ungdomshus, seniorsenter og sjukeheim.

Kommunen arbeider for at det skal verte ei permanent friluftslinje på Austrheim vidaregåande skule.

Kommunen stimulerer for eit breiare spekter av lag, foreiningar og klubbar.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i plan for Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 og revidera denne i 2020.

Gje driftsstøtte til opplæringsstiltak, samordning og samarbeid om trenarar, dirigentar, instruktørar o.l.

Ta med frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med utviklinga av eit allsidig miljø for aktivitet.

Vidareutvikle ungdomsarbeidet gjennom "Ungdommens hus", ungdomskordinator, ungdomsråd og frivillige organisasjonar.

Utvikle kulturskulen vidare og gje tilbod til fleire.

Oppretthalde og vidareutvikle seniorsenteret.

Leggje vekt på tilgjenge for alle (Universell utforming) i samfunnsutviklinga.

Leggje tilrette for og samarbeide med "Inn på tunet" / "Grøn omsorg" verksemder.



Arbeid

Sysselsettinga i Austrheim kommune (basert på dei som har Austrheim som bustad) har auka frå 1.399 personar i 2008 til 1.479 personar i 2012. Auka på 80 personar, eller nærare 6 prosent, har kome i same tidsrom som folketalet har vore i vekst.

Ser ein på samansettinga av næringslivet, er det tydeleg at industrien står i ei særstilling i kommunen med 21 prosent av sysselsettinga i 2012. I landet elles står industrien for «berre» ni prosent av sysselsettinga. Næringslivet på og ikring Mongstad har sjølv sagt mykje med dette biletet å gjere, og ser ein på dei neste næringane på lista så er det også slike som gjerne ligg nært opp til aktiviteten i oljenæringa. Eit unntak er «helse- og sosialtenester» som kjem høgt opp med 17 prosent av sysselsettinga. Dette er gjerne offentlege arbeidsplassar i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Arbeidsløysa i Austrheim kommune skil seg ikkje særskilt ut, samanlikna med nivået i landet eller fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Stort sett følgjer arbeidsløysa dei same svingingane. Austrheim kommune er ein del av ein arbeidsmarknad som strekker seg overheile Nordhordlandsregionen, til Bergen, og inn i andre regionar.

Me vil at:

Kommunen har eit arbeids og næringsliv som bidreg til auka arbeidsdeltaking.

At kommunen er med på å auke breidda av kompetanse og støtter opp om næringsutvikling som gjev mangfald i næringslivet.

Ein støtter arbeidsmarknadstiltak som gjer det mogeleg for personar med nedsett arbeidsevne å arbeide.

Maritim næring vert oppretthalden og vidareutvikla.

Sysselsettinga i landbruket vert oppretthalden.

Det vert auka i landbruksareal i drift.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim 2011-2020".


Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" og revidera handlingsprogrammet i 2017.

Tilretteleggje for etablering av attraktive næringsareal, og sjå dette i samanheng med store prosjekt som Johan Sverdrup utbygginga.

Ivareta samanhengande landbruksområde og søkje å unngå oppstyking av god landbruksjord.

Bidra til at personar med ulik kulturell og/eller funksjonsmessig bakgrunn vert tilsett.

Ha tett samarbeid med NAV og ulike næringslivsorganisasjonar i kommunen.





Helse og omsorg

Behov for omsorg

Betre helse og auka levealder heng saman med betre levekår. Dei store helse og velferdsutfordringane vil i åra framover vera knytt til ei auke i livsstilsrelaterte sjukdomar, fleire gamle og sosiale ulikskapar. For å møte desse utfordringane er det naudsynt med ei auke i satsinga på førebyggjande tiltak innanfor fleire sektorar i samfunnet. På grunn av samhandlingsreforma og folkehelselova som vart sett i verk 1/1-2012, er det skjerpa krav til den kommunale omsorgstenesta. Pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og ført over til lokale omsorgstilbod, anten i kommunale mottak eller som teneste heime hjå folk. Av dette følgjer og auka krav til kompetanse hjå dei tilsette i kommunen.

Me vil at:

Kommunen skal ivareta oppgåvene i helse og omsorg på ein god måte og med høg kvalitet.
Austrheim skal ha gode resultat i velferdsstatistisk samanheng.
Helse og trivsel i lokalsamfunnet skal fremjast.
Kommunen skal få til ei berekraftig utvikling gjennom førebyggjande arbeid.

Dette vil me få til gjennom å:

Arbeida aktivt for å etablera koordinatorar mellom kommunen og brukarar, pårørande og frivillig sektor.
Arbeida for god samhandling mellom ulike delar av offentleg sektor.
Legge tilrette for at eldre kan nytta låne og støtteordningar.
Ha eit tydeleg kommunalt tenestetilbod og ha klart definerte mål på kva nivå tenestene skal ha.
Syte for at satsinga på pleie, helse og velferd og går til førebyggjande tiltak og kvardagsrehabilitering.
Nytta velferdteknologi, og gjennom det etablera nye løysingar som gjev betre tenestetilbod og effektiv drift.





Psykisk helse og rus

Psykisk helse er ein del av familiekontoret sitt ansvar. Kontoret har psykolog og psykiatrisk sjukepleiar. Denne tenesta er eit lågterskeltilbod og det skal vera lett å ta kontakt med tenesta. Oppgåvene er å delta i behandling og tilrettelegging av tiltak for personar med psykiske lidningar, kriser og vanskelege livssituasjonar, å delta i førebyggjande arbeid blant barn og unge, samt vera rettleiar for anna helsepersonell.

Kommunelegen er kontaktpunkt for arbeid med rusproblem hjå vaksne.

For ungdom opp til 20 år er det etablert eige tilbod "Helsestasjon for ungdom". Der vert det gjeve råd og rettleiing om mellom anna rus, psykiske problem, seksualitet og kosthald. NAV er viktig i førebygging og i enkeltsaker.

Det er ein skjenkestad i kommunen og 4 butikkar med løyve for sal av øl. Næraste vinmonopol er i Knarvik.

Sommaren 2014 opna det filialpol på Manger, som er noko nærare.

Me vil at:

Det skal verta eit lågare tal ungdom med psykiske vanskar.

Det skal bli mindre bruk av vanedannande og beroligande medisinar.

Debutalderen for bruk av rusmiddel mellom unge skal hevast.

Kommunen skal ha god lokal innsats ovanfor personar med rusproblem.

Kommunen skal ha kontroll og retning på sals- og skjenkopolitikken.

Dette vil me få til gjennom å:

Revidera og gjennomføra tiltaka i "Ruspolitisk handlingsplan Austrheim".

Halde fram med førebygging av rusmiddelavhengigheit gjennom regulering av sal og skjenking av alkohol.

Etablera program for rusførebygging i grunnskulen som inkluderer born og føresette.


Sikra høg kompetanse innan tenester for barn og unge og andre som er i ein sårbar livssituasjon.

Ha sterkt fokus på tiltak mot mobbing.

Oppretthalde og styrkje helsesystemtenesta (Helsestasjon for ungdom).

Gje eit raskt og rett tilbod til personar med psykisk lidning, etter kontakt med fastlege/kommunelege.

Ta med pårørande som ein ressurs i arbeidet når det gjeld personar med rusproblem eller psykisk lidning.



ungdata

Livsstilssjukdomar

Det er venta store helse og velferdsutfordringar i åra framover grunna auka levealder og livsstilsrelaterte sjukdomar.

Me vil at:

Det vert reduksjon i tidlig død som følgje av livsstilsrelaterte sjukdomar. Innan 2025 skal nedgangen vera minst 25% (jf. WHO's mål).

Det vert reduksjon i bruken av spesialisthelsetenester.

Det vert reduksjon i overvekt.

Det vert betre utvikling enn landsgjennomsnittet i (mål i BMI) hjå born, unge og vaksne (på sesjon).

Dette vil me få til gjennom å:

Styrkje fokuset på fysisk aktivitet, kosthald og gode helsevanar i helsestasjon, barnehagar, skular og skulefritidsordninga.

Bidra aktivt til nedgang i bruk av tobakk.

Bidra til at livsstilsrelaterte sjukdomar vert oppdaga tidleg, og tilby heilskapleg rehabilitering og behandling.

Utvikle gode folkehelseiltak i samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar.

Legge til rette for god samhandling mellom primærhelsetenesta, NAV og spesialhelsetenesta.



Folkehelse

Maten vi et, lufta me andar inn, utforminga av bustadområde og andre miljøtilhøve verkar inn på helse, livskvalitet og trivnad. Gjennom god planlegging og tilrettelegging kan kommunen gje viktige bidrag til å betre folkehelsa.

Folkehelseperspektivet

Folkehelse og sjukdomsstatistikk er på mange måtar uttrykk for dei miljøbelastningar innbyggjarane vert og har vore utsett for. På same viset vil folkehelsa i framtida verte forma av korleis helsefremjande og -hemmande faktorar påverkar noverande samfunn. Eit godt miljø kan fremje helse, til dømes gjennom å oppmuntre til fysisk aktivitet og sosial kontakt. Motsett kan omgjevnadene avgrense aktivitet og oppleving, og mogeleg påføre ulike fysiske belastningar.

Me vil at:

Innbyggjarane skal oppleva at tiltak omkring trivnad og livskvalitet vert fremja.
Det vert auka fokus på etablering av gode universelt utforma sosiale møtestader.
Kommunen er pådrivar og tilrettelegg for fysisk aktivitet for alle.
Negative effektar av forureining som trafikkstøy og luft/vassforureining vert dempa.
Inneklima vert sikra i forskrift om miljøretta helsevern.



Dette vil me få til gjennom å:

Sikra grøne område i gangavstand frå bustadområde (omlag 400m omkrins når alle aldersgrupper skal dekkast).
Tilretteleggje og gjera tilgjengeleg dei grøne områda.
Etablera og tilretteleggje sosiale møteplassar som til dømes aktivitetssenter for unge og gamle, parkar, turstiar og leikeplassar.
Støtte opp om kulturarenaer som samfunnshus mfl.
Utarbeide "Gå og sykkelstrategi" for kommunen, for på den måten binde saman ulike møtestader.
Gjera avbøtande tiltak knytt til trafikkstøy og luftforureining på sentrale møtestader.
Sikra at alle skular og barnehagar i kommunen har godkjend arbeidsmiljø.

Sosial ulikskap

Austrheim VGS har eit fråfall på omlag 20 av 252 elevar (omlag 8%). Nokre av dei som fell frå skiftar fag, nokre går over til NAV som jobbsøkjande og nokre er skuletrøtte og tek heilt fri.

I snitt får eit 50 tals personer kortvarig supplerande økonomisk hjelp per år.

Me vil at:

Talet på ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule vert redusert.
Talet på personar med uføretrygd vert redusert.
Tal personar som mottek sosiale ytingar frå NAV, utanom alderspensjon, vert redusert.

Dette vil me få til gjennom å:

Syte for at tilsette legar, helsearbeidarar, barnehagetilsette, lærarar og andre som arbeider med barn har naudsynt kompetanse.
Gje eit heilskapleg og meiningsfylt tilbod til alle som står i fare for å falle ut av utdanning eller arbeid. Ingen skal vera passiv.
Bruka heile kommunen sin kompetansebreidde i samband med integrering av flyktingar og innvandrarar.
Gjennomføra ulike tiltak slik at flest mogeleg har ein stad å bu.
Bruke NAV sine ressursar og nettverk i arbeidet mot fråfall i skule og arbeidsliv.

Landskap, miljø og samfunnstryggleik



Landskap og biologisk mangfald

Heilt sidan jordbruksrevolusjonen ved overgangen til bronsealder har menneske forsøkt å manipulera dei naturlege økosystema. Stigande verdsbefolkning, stigande forbruk og betre tekniske mogelegheiter for endring av den naturlege vegetasjonen legg i dag eit sterkt press på det biologiske mangfaldet. Menneska har gjort seg sårbare gjennom manipulering med økosystema.

I dag kjem 75% av all matvareproduksjon frå berre sju kulturvekster.

Her døme på seks viktige årsaker til trugsel mot det biologiske mangfaldet:

Tap og oppstyking av leveområde.

Eksport av artar til økosystem utanfor deira naturlege leveområde anten medvite eller som følgje av auka handel og kommunikasjon.

For høg utnytting av artar og klimaendringar.

Overgang til industrielt jordbruk med meir spesialiserte driftsformer og skogbruk med meir einsarta artar.

Utsetting av genmodifiserte artar i miljøet.

Me vil at:

Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak.

Kommunen skal ha eit aktivt jord- og skogbruk der det ikkje kjem i konflikt med viktige landskapsverdiar og biologisk mangfald.

Medvitet om dei lokale landskapsverdiane og det biologiske mangfaldet skal aukast.

Raudlista artar og naturtypar og deira leveområde skal vernast om så langt det er råd.

Dette vil me få til gjennom å:

Utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.

Prioritera rydding av uønskt vegetasjon i strandsona, skjergarden, i turområde og på ulike utsiktspunkt.

I samarbeid med skogbruket leggja til rette for aktivt skogbruk i prioriterte område, med klart skilje mot opne landskap.

I samarbeid med landbruket leggja til rette for aktiv lyngheiskjøtsel, med mellom anna mål om auka sauehald.

Vurdera disponering av LNF områda i kommuneplanens arealdel.

Leggje tilrette for utnytting og forbetring av jordbruksareal.

Kartleggje og verna område som er truga i høve til det biologiske mangfaldet, i arealplanlegginga.

Støtte og søkja om tilskot til prosjekt som fremjar lyngheiskjøtsel og opne landskapsverdiar.

Ha tett dialog med miljø- og ureiningsstyresmaktene.





Miljø

Omsynet til ei berekraftig utvikling gjer at dei langsiktige miljøomsyna i planarbeidet skal vegast tyngre enn dei meir kortsiktige økonomiske omsyna. Kommunen må leggje til rette for reduksjon av energibruk og klimagassutslepp gjennom energieffektivisering, utbygging av fornybar energi og tilpassing til klimaendringar basert på risiko- og sårbarheitsanalyser.

Klimatiltak som har positive eller akseptable effektar for naturmangfaldet og andre viktige miljøverdier må prioriterast.

Kommunen har utarbeidd eigen "Energi og Klimaplan".

Me vil at:

Bruken av bil for personreiser vert redusert og at det vert auka kollektivtrafikk.

Fokuset på fortetting i bustadbygging vert auka.

Kommunen stimulerer til tettstadutvikling med heilskapleg bu, arbeid og fritidstilbod.

Talet gåande og syklande aukar og at det vert lagt til rette for det.

Utslepp frå kommunale kjøretøy vert redusert gjennom å velje miljøvenlege løysingar.

Miljømerka/sertifiserte varer og tenester vert prioriterte ved innkjøp.

Ein sikrar tilgang til sjø utan at den maritime miljøbelastninga vert større enn naudsynt.

Kommunale verksemder arbeider for å verte godkjende miljøfyrtårn.



Dette vil me få til gjennom å:

Ha tilbod om ladepunkt og langtidsparkering i kollektivknutepunkt.

Sikre kollektivtilbod i samband med nye utbyggingar.

Utvide gang og sykkelvegnettet gjennom kommunen, og starte reguleringsplanar for desse.

Kartleggje funksjonell strandsone, og syte for at tiltak og utbygging ikkje går ut over viktig natur eller ålmenta sine interesser.

Velje EL-bilar dersom det er teknologisk forsvarleg ut frå bruken.

Gjennomføra tiltaka i "Energi og Klimaplanen".

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik handlar om å bidra til eit trygt og robust samfunn, mellom anna gjennom å få oversikt over relevant risiko.

Kommunen har gjennom oppbygginga av planstrategi og plan for nytt plansystem fått med omsynet til dette. Det er og utarbeid "kommuneROS" for kommunen.

Me vil at:

Kommunen har relevant og oppdatert "KommuneROS"

Kommunen har oppdaterte og fungerande beredskapsplanar for kommunen.

Ein er best mogeleg førebudd på ulike relevante hendingar som kan råka kommunen.

Dette vil me få til gjennom å:

Revidera "KommuneROS" for Austrheim kommune.

Syte for at ROS vert gjennomført i alle planprosessar (PBL).

Syte for at ROS vert gjennomført i alle kommunale verksemder.

Vedlikehalda beredskapsplanane.

Gjennomføra øvingar, opplæring og kompetanseheving av kriseleiing/leiing.

Gjennomføra avbøtande tiltak i høve til "KommuneROS".



Kommunal organisering og tenesteyting




Kommunen som organisasjon

Austrheim Kommune er ei relativt stor verksemd med 323 tilsette som til saman utfører 243 årsverk.

Kommunen søkjer å gje eit trygt og godt livsløp for alle gjennom å ha ein breitt fagleg samansett organisasjon til rådvelde for alle innbyggjarar.

Organisasjonen ser sånn ut:



Me vil at:

Kommunen skal vera, og stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Kommunen skal ha tydeleg leiing og gode styringsreiskap.

Kommunen skal leggje vekt på nyskaping og utvikling, og gje dei tilsette mogelegheiter og utfordringar.

Kommunen skal leggje vekt på etikk og lokale verdiar i møtet med innbyggjarar og andre.

Kommunen skal vera eit førebilete når det gjeld å fremje berekraft i balansen mellom arbeidsmiljø og kvalitet.

Dette vil me få til gjennom å:

Ha jamne møte med arbeidstakarorganisasjonane om organisering, budsjett, tingingar og effektivisering.

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk kompetanseplan 2015-2020"

Vidareføra arbeidet med systematisk HMT (Helse, Miljø og Tryggleik) i organisasjonen.

Vera aktiv i moderniseringa (digitaliseringa) av kommunen sine forvaltningstenester.

Arbeida for eit godt omdømme som kan bidra til naudsynt rekruttering av kompetente tilsette.



Kommunen som tenesteytar

Det kommunale tenestetilbodet er del i ansvarsområde. "Oppvekst" består av Familiekontoret, Barnehagar, Skular (1-10) og Vaksenopplæringa. "Kultur" femner om allment kulturarbeid, kulturskule og bibliotek. "Pleie og omsorg" femner sjukeheim, heimesjukepleie, kjøkken/reinhald/vaskeri, arbeidssenter, tenester/bustader for utviklingshemma. "Helse" femner lækjarkontor og fysioterapi. Samt interkommunalt samarbeid for mellom anna lækjarvakt. NAV femner sosialrådgjeving, rettleiing, økonomisk sosialhjelp m.m., og er eit samarbeid mellom NAV og kommunen. "Plan, Byggjesak og Miljø" handsamar private og offentlege planar samt saker etter Plan og bygningslov, Delingslov mfl. "Landbruk" er no i eit interkommunalt samarbeid saman med Radøy og Fedje kommunar. Radøy kommune er vertskommune. "Teknisk drift" står for prosjektering, planlegging, drift og vedlikehald av kommunal eigedom og bygg.

Me vil at:

Kommunen skal dekkje innbyggjarane sitt behov for tenester gjennom god og effektiv organisering.

Kommunen skal syte for at viktige prioriteringar av tenester, og styring av tenester vert utført i dialog med innbyggjarane.

Der det er naturleg eller naudsynt skal kommunen søkje samarbeid med nabokommunar/region, for å styrkje tenestetilbodet.

Dette vil me få til gjennom å:

Nytta modernisering og digitalisering til å skapa innovative løysningar for ein god dialog med innbyggjarane.

Ha eit tydeleg planhierarki og vidareføra/gjennomføra intensjonane i gjeldande Planstrategi.

Etablera tydelege rutinar i høve til "årshjul" for plan, tiltak og måloppnåing.

Ha tydelege og korte vegar for avgjerdsprosessar.

Revidera og oppdatera delegasjonsreglementet.

Søkje offentleg og eller offentleg/privat samarbeid der det gjev positiv verknad for innbyggjarane i form av betre tenester.

Styrkje samarbeidet med lokale lag, organisasjonar og foreiningar.



Hovudatsingsområde

INFRASTRUKTUR

Gang og sykkelveg, Veg, Vatn og avlaup, Internett,

Me vil at:

Kommunen skal ha eit trygt og effektivt vegnett for alle trafikantar.

Prosentdelen av gåande og syklande skal aukast.

Kollektivdel i tråd med regionale mål skal aukast.

Kommunen skal ha tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.

Kommunen skal ha god dekning for mobiltelefon der det bur folk, langs med vegnettet og til utfartsstader i kommunen.

Kommunen skal planleggje for vidare utbygging og vedlikehald av infrastruktur for vatn og avlaup.

Dette vil me få til gjennom å:

Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen.

Gjennomføra detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen, og vidare til Lindås kommunegrense.

Vera pådrivar for utbygging av fibernett og mobilnett.

Gjennomføra tiltaka i "Hovudplan Vatn og Avlaup".

Koordinera arealplanlegging med "Hovudplan Vatn og Avlaup".

Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplan.



TETTSTADUTVIKLING

Gå-strategi, tenester i sentrum, tettstad, fortetting, tilknytning frå land og sjø, havsport, hotell/overnatting

Me vil at:

Talet innbyggjarar i tettstader aukar og urbane kvalitetar vert fremja.

Kommunen skal ha ei styrt utvikling av dei to tettstadene i kommunen, med fokus på levande sentrum.

Området nær Mastrevik torg skal vera tydeleg kommunesenter og regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Lokalsenteret i området Nordre Fønnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås vert vidareutvikla.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.

Vidareføra arbeidet med tettstadutvikling i "Austrheim heile Livet".

Gjennomføra tiltaka i "Bustadsosial handlingsplan 2013-2020" i høve til sentrumsnære bustader tilpassa for eldre.

Kople områderegulering av Nordre Fønnesvåg med utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.

Følgje målsettingane for planlegging av tettstadene i gjeldande planstrategi.



NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling, Mongstad, Reiseliv/Havsport, Verkemiddelapparat

Me vil at:

Austrheim skal vere ein positiv kommune som gir utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.

Austrheim skal vere ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon som «hav- og kystkommune».

Austrheim skal vere nasjonalt kjend som senter for havsport.

Austrheim skal vidareutvikle og gjera nytta av industriutviklinga på Mongstad.

Dette vil me få til gjennom å:

Vera ein pro-aktiv og næringsvennleg kommune (fokus på vertskapsrollen).

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar)

Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025".

Ha fokus på lokale initiativ og regionalt samarbeid.

Detaljplanlegge og tilretteleggje nye næringsareal i samband med større prosjekt som til dømes Johan Sverdrup oljerørledning.

Fremja offentleg-privat samarbeid.



Foto: Mongstad - Øyvind Hagen

Kommuneplan - arealdel

Eit viktig prinsipp i planlova er at det skal være sterkare kopling mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen i kommuneplanen. Det er difor viktig at arealdelen tek vidare dei strategiar frå samfunnsdelen som får arealmessige konsekvensar. I denne samfunnsdelen vil mellom anna følgjande strategiar kunne ha innverknad på arealbruken:

Realisera tiltaka i Bustadsosial handlingsplan.

Auka fokus på utnytting av eksisterande regulert bustadareal.

Opne for mindre tiltak utan dispensasjon for eksisterande bustader i LNF område. (KPL arealdel).

Vurdera disponering av LNF områda i kommuneplanens arealdel.

Leggje tilrette for utnytting og forbetring av jordbruksareal.

Kartleggje og verna område som er truga når det gjeld det biologiske mangfaldet, i arealplanlegginga.

Auka fokus på fortetting.

Ha aktivitetar knytt til skule og nærområda i eit breitt spekter for alle, heile livet.

Gjennomføring av tiltaka i plan for Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020.

Utarbeiding av kulturminneplan.

Tilrettelegging av attraktive næringsareal.

Ivareta samanhengande landbruksområde og søkje å unngå oppstykking av god landbruksjord.

Gjennomføring av tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025"

Utvikling av gode folkehelseiltak i samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar.

Gjennomføre ulike tiltak for at flest mogeleg får tilgang til etablering av eigen bustad.

Utvikle tilbud om ladepunkt og langtidsparkering i kollektivknutepunkt.

Ta omsyn til kollektivtilbod i samband med nye utbyggingar.

Utviding av gang og sykkelvegnett gjennom kommunen og detaljregulering av dette.

Gjennom kartlegging av funksjonell strandsone syte for at tiltak og utbygging ikkje råkar viktig natur eller ålmenta sine interesser.


Gjennomføring av avbøtande tiltak i samband med "KommuneROS".

Gjennomføring av tiltaka i "Bustadsosial handlingsplan 2013-2020" når det gjeld sentrumsnære bustader.

Størst innverknad på arealbruken har nok likevel dei nasjonale forventningane og regionale retningslinene.

Rammene for dette er lista på side 5 og 26 i denne plan.

Kommuneplanen har som målsetting at det skal verte auke i befolkninga i planperioden. Samstundes vert det fleire eldre som vil bu i lettstelte leilegheiter nær tenestetilbod og sentralt. Dette gjer at det vert auka fokus på fortetting og tettare utnytting av dei sentrumsnære bustadareala. Samstundes vil dette auka krava til sentrumskvalitetar som , gang og sykkelveggar, møteplass/park, kollektivtilbod/kollektivknutepunkt og aktivitet i sentrum "levande sentrum". Vidare overordna arealplanlegging må ta omsyn til denne utviklinga.





Nasjonale og regionale føringar


Nasjonale føringar:

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke 24. Juni 2011
Rundskriv T-2/08 Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
Retningslinje T-1442 Støy i arealplanlegging
Rundskriv T-5/97 om arealplanlegging og utbygging i fareområder
Rundskriv T-4/96 lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsonen
Rundskriv T-5/93 Rikspolitisk retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging
Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
(Fastsatt ved kgl.res. av 25. Mars 2011, jfr. pbl § 6-2)

Regionale føringar:

Fylkesplan for Hordaland, 2005-2008 (forlenga inntil vidare)
Klimaplan for Hordaland 2014-2030
Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel, 2001-2004 (ny under arbeid)
Fylkesdelplan for fiskerihamner
Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008-2012
Fylkesdelplan for kulturminne, 1999-2010
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland, 2001-2012
Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland, 2011
Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland 2007
Område for friluftsliv, kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hord., 2008
Arealstrategi for landbruket, 2009
Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014
Behov for næringsarealer i Bergensregionen, Business Region Bergen, 2012
Rammeplan for avkjørslar og byggegrenser, riks og fylkesveggar region vest 2012 - 2015
Regional plan for folkehelse 2014-2025
Regional transportplan 2013-2024
Regional næringsplan 2013-2017
Regionalt bygdeutviklingsprogram
Regional kulturplan (under arbeid ..)
Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel (under arbeid)

Plansystemet (figur frå rettleiar):







AUSTRHEIM KOMMUNE - KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2015 - 2027

Versjon plandokument
26/01-2015